

Innspill ny viltlov – Utmarksavdelinga Vest as

Utmarksavdelinga Vest as jobbar aktivt og bygd opp breid erfaring med utmarksarbeid, viltforvaltning, jakt, fangst og næringsutvikling i utmark, med særlig fokus på grunneigarrolla og den lokale forvaltninga. Viltlova står sentralt i arbeidet. Vi er glade for å kunne dele erfaringar og håpar at innspela kan vera til nytte for arbeidet med ny viltlov.

1 - Hvilket behov er det for regler om ettersøk?

Det er ingen særskilt lovbestemmelse om ettersøk i dagens lov.

Det er trong om reglar om ettersøk i ny lov

Gjeldande rett gir forskriftsfesta ettersøksplikt for jeger. Ein skal forsikre seg om at påskutt vilt ikkje er truffet, eller gjennomføre ettersøk med hensikt å finne og avkorte påskutt vilt som er skadd, sine lidelser. Ettersøksplikta gjelder for alt vilt, men har særlige bestemmelser for storvilt, med bla krav om tilgang til godkjent ettersøkshund for elg, hjort og rådyr.

Dagens lovtekst inneholder bestemmelse om rett til å forfølge påskutt og såra hjortevilt som gir jeger rett til å forfølge, avlive og tilegne seg dyret også på areal der annan eig jaktretten.

Det er viktig at ettersøksplikta blir lovfesta. Det framstår som merkelig at det i dag kun er forfølgingsretten som er omtalt i lova, mens reglar om ettersøk ellers kun er i forskrift.

Det er viktig at ettersøksplikta blir lovfesta slik at det kjem klart fram i lova at gode rutinar for og gjennomføring av vellukka ettersøk er ein føresetnad for god for jaktutøving.

Det er viktig at ettersøksplikta blir knytt til ansvaret jegeren har for jaktutøvinga si.

Det er viktig at jeger er ansvarlig for gjennomføring av ettersøk og at varigheten for dette ikke opphøyrer i tid. For storvilt er det viktig at jeger har ettersøksplikta i varighet fram til offentlig myndighet frigir plikta til vidare ettersøk.

Det er viktig at heimel til ettersøk er tydeliggjort i lova. Dyrevelferd.

Det er viktig at krava til ettersøksekvipasje som tek på seg oppdrag for andre blir heva i høve til dagens forskriftstekst. Oppdrag for andre både for jaktettersøk og for oppdrag for andre som i offentlige ettersøk. Krava her bør være identiske, og standarden må vera fleire hakk høgare enn for jaktettersøk i eigen regi, slik at skilje blir oppfatta som reelt høgare kompetanse.

Forfølgingsretten bør skiljast klart frå ettersøksplikta. I dag er reglane som er gjeldande laga slik at ettersøksplikta opphøyrer saman med forfølgingsretten. Dette blir i dag i stor grad forstått som at ein ikkje har plikt lenger enn ein har rett til å tilegne seg byttet. Dette har sjølv sagt inga meining, eller bør ikkje sjåast saman i det heile.

Dagens ordning for forfølgingsrett sikrar på god måte at eigedomsgrenser ikkje skapar unødige konflikter for tileigning av påskutt vilt. Forfølgingsrett ut dagen dyret kom inn på område der annen har jaktrett. Forfølgingsretten kan med det vidareførast som den står i lova. Det er å merke seg at forskriftsteksten her har annan lyd enn lovteksten. Det er behov for å tilpasse forskrifta til lovteksten, og ikkje omvendt, slik kommentarane til forskriftsteksten i dag hevdar.

Ettersøksplikta bør vera tidsuavgrensa for jeger. Berre offentlig myndighet som kan frigjera frå denne plikta. Det er svært urimelig at det offentlige skal overta jaktettersøk for offentlig kostnad, slik praksis er i dag. Jeger må alltid vera ansvarlig for ettersøk, herunder også kostnadar forbunde med gjennomføringa.

2 - Er det behov for ytterligere regler om bestandsregulering for høstbart vilt?

I dagens lovverk er det begrenset med virkemidler dersom en bestand ikke blir beskattet tilstrekkelig gjennom jakt- og fangst.

Vi ser ikkje at ny viltlov skal eller kan innehalde reglar for bestandsregulering utover gjennom ordinær jakt og fangst.

Lovane som regulerer viltforvaltning, jakt og fangst som heilhet er mykje endra. Viltlova – lov om jakt og fangst, har blitt endra svært mykje i tilpassninga til nyare lovar, og er den som nå heng mest etter.

Det er behov for tydeliggjering av strukturar og innretning med særlig fokus på behovet for måloppnåing, ansvar og roller i forvaltninga. Viltlova har vore ei lov som har vore vidare enn den er i dag, nye lovar har tatt over som heimel for fleire sider av det som tidlegare var heimla i viltlova. Viltlova heiter då heller ikkje lov om viltet lenger, men lov om jakt og fangst. Det er behov for tydeliggjering av dette i lovarbeidet som nå pågår.

Bestandsregulering utover ordinær jakt og fangst, vil etter vårt syn meir naturleg ha sin heimel i naturmangfaldlova enn i viltlova. Naturmangfaldlova inneheld også heimlar for dette i dag.

Gjeldande rett og praksis byggjer på eit samspel for å oppnå god viltforvaltning der jakt og fangst er tiltaket ein har som skal regulera bestandane. Samspel mellom offentlige myndigheter, grunneigarane og jegrane. Grunneigar har rett til jakt på sin eigedom, men grunneigaren eig ikkje viltet, berre jaktretten. Denne treeina ordninga har vist seg å fungere svært godt, og den norske modellen, open, inkluderande og medvirkande, er anerkjent også internasjonalt.

Det er viktig at den norske modellen blir vidareført i nåverande form. Modellen har vist seg eigna til gjennomføring av endring og vist seg å kunne stå sterkt også i aktiv adaptiv forvaltning av krevjande viltartar. Utfordringar med nye artar som td villsvin viser at ein med målretta og auka innsats raskt kan endra seg til å gjennomføre nye tiltak for nå nye mål.

Den norske viltforvaltninga har ikkje opplevd store krisar. Cwd har utfordra hjorteviltforvaltninga, og den innsatsen som er lagt ned gjennom ordinær jakt er formidabel og eineståande i å nå nye fellingsmål, resultat for prøvetaking osv. Overgangsfasane i krisehandtering er alltid krevjande, men heldigvis har den norske modellen stått seg godt også i cwdkrisa.

Det er i dag uråd å sjå føre seg at tiltaka ein har ikkje skal klare å løyse dei oppgåvene ein står føre. Bestandar av storvilt vil aldri kunne klare å komme ut av kontroll om ein brukar verktøya som alt er etablerte. Sjølv sagt vil ikkje auka fellingar komme av seg sjølv berre med å auke tal fellingsløyve, det vil kreve auka innsats med informasjon for at kunnskapen og tryggheten og forståinga skal bli etablert, og gi resultat.

Både storvilt og småviltbestandar brukar ein romlig skala som leveområde som i dei fleste tilfelle langt overstig enkeltgrunneigars jaktrett, og endåtil kommune grenser. Variasjon i prioriteringar lokalt vil alltid akseptert, men for bestandane samla er det vanskelig å sjå føre seg at variasjonane i sum på nokon måte skulle hindre måloppnåing med dagens norske modell.

Det vil vera vanskelig å sjå føre seg at målretta og samordna forvaltning over store område skulle virka klart mot si hensikt og mot overordna målsetjingar, slik at ekstraordinære nye lovfesta tiltak skulle vera behov for.

Ein vil med ressurser og prioriteringar på best måte oppnå resultat med aktiv bruk av modellen me har i dag. Innføring av nye ordningar vil kunne rokke med samspelet som er etablert, skape uro og motstand som i seg sjølv gir konflikt og manglande måloppnåing.

Det er vanskelig å sjå føre seg at nye fellingsregime evt skulle vera heimla i lov om jakt og fangst. Det naturlige her ville vera at ein la inn slike verkemidlar i naturmangfaldlova. Lov om jakt og fangst vil, slik det er lagt opp til, bli ei rein utøvingslov for jakt og fangst, grunneigars jaktrett osv, innanfor ramene av overordna lovverk, naturmangfald, dyrevelferd osv.

3 - Hvordan bør reglene for jaktvåpen og utstyr utformes i en ny lov?

Teknologiutviklingen går raskt, og det kan diskuteres om dagens lovverk er tilpasset i tilstrekkelig grad.

Lova må vera tilpassa slik at ny teknologi kan brukast for å tilrettelegge slik at ordinær jaktutøving best mogleg kan oppnå måla sette av forvaltninga.

Det er viktig at lovteksten er teknologinøytral. Det er viktig at reglar for bruk av jaktvåpen og utstyr har tydelige rammer og heimel i forholdet til feks dyrevelferden - rask og effektiv død. Tydelige rammer og heimel vil gi tydelige presiseringar for bruk av våpen og utstyr utforma i forskrift.

I dagens lovtekst er det to punkter som er diskutert:

Bruk av lys

Krav om våpen med prosjektil drevet av krutt

Til kontroll av fangstredskapar

Bruk av lys handlar om jakt i den mørke delen av døgnet – nattjakt

Nattjakta har vore kime til ugreie i tolking forståing av viltlova lenge. Nattjakt er tillatt på alle jaktbare artar i Norge. Det er jegeren som har ansvaret for at jakta blir utøvd på ein måte som ivaretek sikkerhet, dyrevelferd, etc. I spørsmål om regler for utstyr er det først og fremst lys, lysforsterkande eller termiske sikter/utstyr som har vore tema for nattjakta. Lys til bruk under ettersøk, lys til bruk under jakt etc. Det er gitt opning for bruk av lys til villsvin, rev og ettersøk etter dagens tekst.

Nattjakta er nødvendig for å regulere fleire jaktbare artar i dag. Villsvin er nytt, og er i særstilling fordi det er ein uønska art. Rev blei tidligare fanga mykje i felle, drepende slagfeller var effektiv fangstredskap, som vart forbudt ved forskriftsendring på begynnelsen av 2000 talet. Åtejakt på rev er nattjakt, effektiv, sikker og med lite forstyrning. Her kan brukast lys, men lysbruken gir også utfordringar for effektiviteten. Andre jaktformer, slik som med bruk av laus på drevet halsande hund, samt hihund, og lokkejakt på rev, har auka i seinare tid. Den mest effektive hjortejakta er innmarksjakta. Hjorten er like dag- og nattaktiv som rev og villsvin. Men opphaldstida på open innmark er størst på natt.

Hjorten tålar mykje forstyrning om natta på innmark, så lenge den får fred på dagtid skogen. Med høge fellingsmål på svært små areal i mange kommunar, vil jakt på innmark vera den beste jaktforma om ein skal klare å oppnå fellingsmåla. Nattjakta er heilt nødvendig for å nå måla i hjorteforvaltninga.

Nattjakta er i tillegg til å vera effektiv, også vist gjennom undersøkingar å vere mer sikker med færre bomskot, færre skadeskytingar og betre dyrevelferd enn andre jaktformer for hjort.

Nattjakta, og arbeidet ein har hatt kring dette, har prøvd og avklart rettslig at dyrevelferd, sikkerhet og fare for skader på folk mm, er viktig og krev særlig merksemd med utøving av nattjakt.

Det vil vera uhensiktsmessig om lov om jakt og fangst skulle skrenke inn og vanskeliggjere nattjakt utover det den er i dag. Det trengs tydeliggjering av kva som skal vera tillete å bruke av utstyr. Vi ser ikkje at utforminga kan vera uttømande i lova, men at ein heller brukar tid på dei prinsippa som skal gjelde for utøvinga – dyrevelferd og sikkerhet.

Vi ser av innspel at somme peikar på at lova må innskrenke slik at ikkje meir av jakta blir pressa over på natt. Vi ser påstandar om dette som grunnlause og at det vitnar om manglande innsikt og forståing. Press om auka jaktuttak fører til meir jakt på natt. Fordi det er det mest dyrevelferdsmessige å gjere, mest effektive å gjere og at ein slik har størst sjanse for å nå fellingsmåla som er sette. For artar som ikkje har slike behov, td elg, villrein og rådyr, ser ein ikkje auka nattajakt som resultat.

I dag er nattjakta regulert med bruk av lys. Det trengs fordi bruka av lys som i lyskilde gir utfordringar med skuggar, at dyra er urolige, manglar oversikt over bakgrunn, andre dyr som står tett på osv. Bruk av lys som forstått i almenn forstand, treng streng regulering for å ivareta dyrevelferd og sikkerhet. Restlysförsterking har noko av dei same utfordringane men i mykje mindre grad. Termisk har andre utfordringar, men ikkje i heile tatt slik som for bruk av kunstig lys.

Termisk er slik sett det mest effektive både dyrevelferdsmessig og sikkerhetsmessig å av utstyr å bruke til nattjakt. Andre samanlignbare land har då også, for artar som er behov for, opna for bruk av termisk utstyr til jakt på natt. Sverige har for termisk utstyr til liks med kunstig lys, sett begrensning for bruk på førebudde postar/åter/foringsplassar og opne felt. Altså er nattjakta på

den måten regulert til område der ein har kjende avstandar, tilrettelagt, mulighet for å fjerne greiner og vegetasjon som kan gi risiko under jakta etc. Nattjakta er då også målretta i høve til skadereduksjon på innmarksareal. Slik regulering i forskrift vil også kunne vera aktuelt for våre forhold, utan at det gir negative effektar i felling, berre positive effektar i høve til dyrevelferd og sikker, human jaktutøving.

Det er ikkje råd å sjå føre seg at ein skal tillate jakt på natt utan å kunne bruke utstyr som er mest eigna til å utøve jakt på natt. Det ville setje jaktutøvinga ikkje berre i kunstig lys, men eit svært dårlig lys.

Det har vore fleire innspel som ønskjer ordning der håndholdt utstyr til observasjon på natt skal tillatast, men ikkje siktemidler. Tanken er at ein med betre observasjonsevne skal kunne kjøns og aldersbestemme dyr, og slik vera sikrare på kva dyr som blir felt. Dette er prøvd ut med tildels dårlig resultat. Ein spotter med utstyr som ser godt, kombinert med ein skyttar som ser dårlig i dårligare siktemidlar, fører til dårlige skot mot rett dyr. Etersøk og unødig lidelse. Det er rettspraksis på tilsvarande berre med bruk av billys eller lommelykt for å sjå kjønn og alder, for så å avgi skudd utan kunstig lys. Rettspraksis har sett jaktutøving som meir enn berre avfyrt skudd. Det er å sjå på som eit heile. Det ville vera uråd å sjå føre seg at utstyr skal vera lov å bruke til observasjon, som ikkje skal vera lov som siktemiddel.

Vi har også i samband med lovendring om kunstig lys gjort merksam på at td termisk utstyr i dag er inkludert i utstyr til bruk på dagtid. Det viser at ein lovtekst, eller regulering i forskrift, som skal vera spesifisert på kva utstyr som skal vera tillatt og ikkje, vil vera svært krevjande å gå inn i. Handhevinga blir også svært vanskelig, om ein ser føre seg at utstyr skal vera tillatt brukt på dagtid, men ikkje natt. Definisjonar med tidspunkt for å skilje natt og dag måtte i så fall etablerast, etc.

Ei ordning med å opna for aktiv bruk og utvikling av nytt utstyr men som tydeliggjer ansvaret jegeren har for utøving, vil vera ei ordning som vil stå seg betre enn alternativet.

Skal jakt med våpen som ikkje har prosjektil dreve av krut tillatast?

Buejakt har vore tema ved ei mengd revisjonar av forskrifta opp gjennom. Argumentasjonen har vore gjennom dokumentasjon på drepevne og tid for død, samanlikna med jaktvåpen med prosjektil dreve av krut. Det er viktig at ny lov likestiller andre våpen med jaktvåpen med prosjektil dreve av krut, så lenge det dyrevelferdsmessige og sikkerhetsmessige er ivarett.

Det er viktig at lovteksten er teknologinøytral også på dette punktet. Og at lovarbeida tydeliggjer på god måte heimelen, slik at forskriftene kan utformast på tydelig og god måte.

Eit tema som er oppe er avliving av ettersøkt dyr med kniv. Sikkerhetsmessig kan det å måtte bruke jaktvåpen med prosjektil dreve krut medføra auka risiko for lidelse og fare for sikkerheten ifht å kunne avlive meir humant med andre redskapar i den gitte situasjonen. Lovteksten i dag utelukkar å kunne gjere slike avvegingar.

Det er viktig at ny lovtekst blir tilpassa slik at det vil kunne vera mogleg.

Kva med fangst?

Dagens lovtekst forbyr fangst. Men opnar for at forvaltninga gjennom forskrift kan tillate fangst – for å regulere bestander. Forbudet i lova og opninga i forskrifta skapar forvirring og gir aktiviteten rar status.

Det er underlig at dette med å regulere bestandar ikkje skal vera like viktig for jakta? Det er også underlig at fangst ikkje skal kunne drivast som rekreasjon?

Det er viktig at lovteksten gir heimel for fangst, og tydeliggjer og avklarar temaet.

Det er viktig at det ein fjernar det lovfesta skilje som er etablert mellom jakt og fangst, og samkjører dette etter dei same overordna prinsippa – dyrevelferd, sikker og human utøving.

Teknologiutviklinga i utøving av fangst er også til stades. Særlig i utfordringa med selektiv fangst for å unngå uønska bifangst, samt å unngå unødig liding. Kamera på levandefangst av jerv er godt eksempel på at ny teknologi kan nyttast for å nå mål, og unngå ulemper, og dermed gjera aktiviteten meir akseptert.